

BARNDOMSMINNE. Nitimekåseri.

Av Torgeir T. Garmo.

I dag er det over 2000 steinsamlarar og organiserte i NAGS – Norsk Amatørgeologisk Sammenslutning. Men berre for ein ti tolv år sia var dette ein eksklusiv hobby for folk med vadmålsnikkers, blå neglar og utransjerte bilvrak som kunne ta seg fram på forlengst nedlagde anleggsveger. Parvis, eller i små, suspekte flokkar streifa vi landet rundt på vårvisse plyndringstokt etter den edle stein, og desse turane strekte seg, eg hadde nær sagt frå dei drivande skjær – til kjølens skogklede grenseland. Kanskje hende det, dessmeir, at vi ikkje såg grensa for berre skog, og rakte langt inn mot gruvegangane til »søta bror». I Härjedalen og Jämtland forsikra velviljuge innfødde oss at dei ennå kjende seg som gode nordmenn lengst inne og sende oss håplaut på villstrå ut i dei furuklede villmarker.

Forresten tør eg ikkje garantere at dei kjende seg heilt trygge på oss likevel, for ein gong låg rikspolisen på hjul etter oss i to døgn. Forunderleg nok slapp vi velberga over grensa ved Funäsdalen og la kursen vestover der norsk politi tok over vakttholdet. På vegen mot Røros vart vi søkk borte for dei blåklede, heilt til ei oppskaka telefonmelding frå ein avsidesliggjande gard kunne fortelje at ei kvit folkevogn hadde teki av den nedlagde gruvevegen mot Feragen. I ausande regnver slo politiet til med full styrke, to mann, mot bilen som stod fast i gyrma. Dei skræmde vettet av kjerringa mi som sat og las jus om statsborgernes rettigheter med fuglen sjølv var flogen og surra rundt oppe på Raudberget og plukka kromitt og serpentin mens regnet plaska ned. Kva dei to brave politimenn fortalde kjerringane sine om galne folk med dei sat med føttene i varmt fotbad om kvelden skal vera usagt.

Eksklusive var vi og.

Ein myrk og skytung kveld oppe på Modum hadde vi køyrt ein dårleg veg langt utover aude skogar og funne oss ei grøn slette til telt og eit uloveleg, lite bål. Riktig hyggeleg hadde vi ordna oss med fenalår og flattbrød da gule billjos bora seg fram mellom trestammene. – Pokkern og, der kommer grunneier'n – mumla Arild og prøvde febrilsk å slukke bålet som sjølvsgat flamme godt opp.

Så var bilen framme og eit glas vart rulle ned: »Er Olsen her?» Og det var han. »Det er fetteren min» sa Olsen, »bare legg på bålet, gutter!»

»Vi horte det var noen som hadde kakka i veiskjæringa» sa mannen i bilen, »og da tenkte vi at du var med.»

Så eksklusivt var det å samle stein den gongen!

Geologisk kontakt.

En »steingal» dame i Troms har sendt redaksjonen et hyggelig brev med ønske om god steinjakt for alle NAGS-medlemmer. Hun har samtidig ytret ønske om å komme i kontakt med »steingale» i nord og syd, da det i Aspelund og omegn er svært liten geologisk interesse, men interessant geologi.

Er du på jakt etter noen å skrive til er hennes adresse:

Aud Birkelund
9320 Aspelund.

SMÅANNONSER

for bytte eller salg av brukt utstyr er
GRATIS!
